



LINDÅS KOMMUNE
RÅDMANNEN

Varsel om tilsyn

Til Smilehullet familiebarnehage.

09.03.2015.

VARSEL OM TILSYN ETTER LOV OM BARNEHAGAR § 16

Det vert vist til plan for tilsyn av barnehagane i Nordhordland.

Tilsynet vert utført 16.04.2015.

Avsett tid: 09.00 – 12.00.

Frå tilsynsorganet kjem: Mette M. Træland, Meland kommune og Astrid N. Sylta, rådgjevar barnehage Lindås.

Hovudtema for tilsynet vert:

- *Tilsynet vert i høve til § 1 og § 2 i LOB og korleis dette vert ivareteke i det praktisk / pedagogiske arbeidet i Smilehullet familiebarnehage.*

Vi tek atterhald om endring/utviding av tema dersom opplysningar i innkomne dokument gjer dette naudsynt.

Det vert og gjennomført synfaring av barnhagelokala og uteområdet.
Under tilsynet ynskjer ein samtale / intervju med desse personane:

- Dagleg leiar.
- Ein pedagogisk leiar.
- Ein assistent / fagarbeidar.

Tilsynsorganet ber om å få tilsendt fylgjande dokument på førehand:

- Årsplan og anna relevant dokumentasjon i høve til tema for tilsynet.

Frist for innlevering av dokument: 08.04.2015. Det er ønskjeleg å få dokumentasjonen tilsendt elektronisk.

I etterkant av tilsynsbesøket vil det verte utarbeidd ein rapport. Eventuelle avvik må utbetrast innan gitte fristar.

Helsing

Astrid N Sylta.

